



Mona Gudmundsen
Postboks 126
5903 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6679 - 15/294

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
07.01.2015

Pålegg om retting, tvangsmulkt og varsel om førelegg - gnbr 195/33 og 195/178 - fjerning av container på bnr. 22 og altan mot vest på bnr 178

Administrativt vedtak. Saknr: 007/15

Det vert vist til førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt av 30.01.2013 (2 brev).

Frist for retting vart sett til 01.04.2013. Fristen vart endra etter søknad. Fristen for retting av tiltaka vart utsett til saka hjå jordskifteretten var ferdighandsama. Kommunen har motteke utskrift av rettsboka stempla 01.04.2014. Kommunen har ikkje motteke dokumentasjon på at tilhøva er retta. Kommunen gjennomførte synfaring på staden den 07.01.2015 og kan konstatere at tilhøva ikkje er retta.

Kommunen gir pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt, jf plan- og bygningsloven §§ 32-3 og 32-5.

Vedtaket er gitt på følgende vilkår:

1. Retting av dei ulovlege forholda må være gjennomført innan 15.04.2015.
2. Hvis fristen etter pkt 1 i dette pålegg ikkje overholdes vil det frå og med 16.04.2015 løpe ein dagmulkt stor kr. 500,00, "kroner fem hundre", for kvar dag som går utan at pålegget er stetta.
3. Det skal dokumenterast ved fotos at retting er utført innan fristen i pkt 1.
4. Dette pålegg kan følges opp med forelegg som kan få samme verknad som rettskraftig dom, jf plan- og bygningsloven § 32-6.

Kommunens vurdering

Kommunen er kjent med at det er igangsatt ulovlege arbeider på eigedomane. Tiltaka er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven § 20-1, og krev løyve frå kommunen for å kunne gjennomførast.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Tidlegare søknader vart avslått av kommunen og desse vart stadfesta av fylkesmannen.

I brev av 30.01.2013 er det varslet om pålegg om retting vil vil fatte vedtak om retting i den grad frivillig retting ikke har funnet sted innan oppgitte frist. Plan- og bygningsmyndighetene kan ikkje sjå at tiltaket er retta i tråd med varselet og pålegger difor den ansvarlege om at tiltaket vert retta, jf § 32-3, jf også § 32-5.

I medhald av pbl. § 32-3 (3) vert det varsla om at pålegg som ikkje vert stetta innan fastsett frist, kan det følgjast opp med førelegg. Etter pbl. § 32-6 kan førelegget få verknad som rettskraftig dom.

Vi gjer deg merksam på at dersom De meiner at tilhøva på staden har endra seg kan de sende inn ny søknad om tiltak. Dette vil likevel ikkje endre på fristane som gitt i vedtaket over.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b

Varsel om førelegg

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan Erik Pedersen

Postboks 117 Ulset 5873

BERGEN

Mottakarar:

Mona Gudmundsen

Postboks 126

5903

ISDALSTØ